

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Oppstryn

Dato: 07.10.2013

Tidspunkt: 10:30

Eventuelt forfall må meldast til Maria snarast på tlf. 93 66 42 56. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Leiar i nasjonalparksenteret Anne Kjos-Wenjum Armas vil orientere. Styret vil få servert lunsj.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 24/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 25/13	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 26/13	Orienteringar		
RS 4/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - helikopterflyging til Steinmannen		2013/4088
ST 27/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - uløyvde tiltak i Brenndalen		2013/4122
ST 28/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2014-2017		2013/3553
ST 29/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdselsvegen over Tyvareset		2013/128
ST 30/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - gjeldande stimerking frå Sunndalen til Ytste Leirvatnet - utsetting av sak		2013/2989
ST 31/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - oppsetting av fastmerker for til frontposisjonsmålingar av brear		2013/3875
ST 32/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - økonomisk oversyn og ev justeringar for resten av året		2012/4862
ST 33/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - støtte til breturkartet 2013		2013/3755
ST 34/13	Besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark		2013/3024

Orienteringar:

- Restaureringa av ferdslivegane i sommer; Kamperhamrane, til Flatbrehytta og Bakkedalen.
- Delegasjon frå det svenske Naturvårdsverket på studietur til Skålastien.
- Studentoppgåver på innfallsportar.
- Korrigering av kartgrunnlaget til nasjonalparken.

Arkivsaksnr: 2013/4122-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.09.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	27/13	07.10.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - uløyvde tiltak i Brenndalen

Innstilling frå forvaltaren

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksopplysningar

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1994
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark av 1994

Den 12. september 2013 var SNO-Jostedalsbreen, Anne Rudsengen, og nasjonalparkforvaltar Maria Knagenhjelm på synfaring i Brenndalen, ein sidedal i Oldedalen, i Stryn kommune.

Føremålet med synfaringa var å vurdere tilstanden på bruva i dalen, sette opp varselskilt framfor brefronten og å bli betre kjent i området.

Brenndalen er ein hengjande austleg sidedal til Oldedalen, og er nabodal til den langt meir besøkte Briksdalen. Dalen har ein traktorveg som går om lag til vernegrensa, og derifrå går ein sti innover dalen og fram mot brefronten. Brenndalen er, med unntak av eit mindre område ytst i Brenndalen i sone utan tilrettelegging og inngrep (ref. Vedlegg 5 til godkjend forvaltningsplan). Ytst i Brenndalen, dvs. ca. 7-800 lengdemeter inn i nasjonalparken er *brukszone*.

Bakgrunn

Sommaren 2012 var SNO på synfaring i Brenndalen og oppdaga 11 nybygde tretrapper i terrenget (sjå vedlegg). Tiltakshavar fekk ei skriftleg åtvaring (brev av 24.09.2012). Det står i brevet at rapport vil bli sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, som handhevar kapittel IX (handheving og saksjoner) i naturmangfoldlova. Fylkesmannen har ikkje motteke korkje brevet

av 24.09.2012 eller rapporten. Tiltakshavar vart samstundes bedt om å søkje nasjonalparkstyret om å "ettergodkjenne" tiltaket, og tiltaket vart gitt løyve til av nasjonalparkstyret

I søknad datert 13.06.2007 søkte tiltakshavar om løyve til m.a. å sette opp ei bru i Brenndalen. Søkjane ønska ei bru for å lettare gi tilgang til brefronten og tilby breføring der, i og med at breføring på Briksdalsbreen og seinare Bødalsbreen opphørde grunna tilbaketrekkning av breisen. I løyvet frå Fylkesmannen datert den 26.06.2007 står det:

"(...) På bakgrunn av det som er sagt over gjev fylkesmannen løyve til (...) Oppsetting av bru på avtalt stad i Brenndalen, festa med 4 boreboltar, oppsetting av gelender langs stien på avtalt stad, festa med 2 boreboltar. Løyvet er gjeve på vilkår av at bru og gelender kan fjernast dersom omsyn til naturmiljøet og tryggleiken i området skulle tilseie det. (...) har ansvar for brua, og å rydde opp dersom ho skulle bli øydelagd". Søkjar klaga ikkje på vedtaket.

Under synfaringa den 12. september 2013 observerte nasjonalparkforvaltaren at den omtalte bruva ikkje berre hadde dei fire løyvde boreboltane, men godt over 20 boltar som var bora i berga på begge sider av elva. I tillegg låg material og verktøy litt rundt om kring, og noko av verktøyet såg ut til å ha ligge der i lengre tid. Det var også nokre andre brufeste der, og eit ledegjerde før bruva på sørsida. Det er også fleire boltar og inngrep som ikkje har funksjon. Fylkesmannen v/ Tom Dybwad opplyser at det var ingen boltar og inngrep før ein starta med breføring på 2000-talet, for her hadde Brenndalsbreen nett trekt seg tilbake. Fylkesmannen opplyser også at løyvet for bruva med dei fire boltane var avklart på synfaringa som ei enkel «stigebru» utan rekkverk.

Under synfaringa den 12. september 2013 gikk vi også nærmare brefronten, der vi kom over eit område med lavvo og bålpass. Lavvoen såg ut til å ha stått der i lengre tid (eit par månader?) og inni lavvoen låg det ein god del breutstyr, ved og noko søppel. Utanfor lavvoen var det mura opp (tørrmuring) ein bålpass med ein benk av stein. Lavvostanga var forsterka og store steinar låg på stormmattene for å halde teltet meir stabilt. Det låg også to stigar i området, lett synlege frå stien.

Vedtekter og lovgrunnlag

Jamfør vedtekter for nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark i Sogn og Fjordane fylke, punkt 8.3 står det:

"Styret har som forvalningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskriftene som styret får kjennskap til, anten vert rapportert/ meldt til politiet eller vert rapportert til Direktoratet for naturforvaltning for eventuelle administrative sanksjonar, jf. naturmangfoldlova kap. VIII." (brev frå Miljøverndepartementet datert 2. september 2010).

I tråd med norsk friluftstradisjon og verneforskrifta er det fri ferdslle i nasjonalparken, så lenge den er omsynsfull og varsam slik at den ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt og er til ulempe for andre (jf friluftslova § 2 og verneforskrifta § IV, punkt 6). Landskapet i nasjonalparken er likevel verna mot alle inngrep, mellom anna opprettning av (...), gjerde og anlegg, (...) sprenging og boring, merking av stiar og løyper (verneforskrifta § IV, punkt 1.1.)

Turlagsverksemrd, naturguiding, breføring, kurs. m.m. er tillate dersom det ikkje strir mot vernereglane (verneforskrifta § IV, punkt 6).

Kapittel IX i naturmangfoldlova, som gjeld handheving og sanksjonar, er delegert frå Miljøverndepartementet til fylkesmannen. Dette gjeld m.a. pålegg om retting av ulovlege tiltak.

Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen omtaler Brenndalen som eit område utan tilrettelegging og inngrep, sett bort frå ei brukssone kring dei merkte stiane nedst i dalen. Mesteparten av Brenndalen er i forvaltningsplanen omtalt som naturområde (...) mest mogeleg urørde og utan inngrep og tilrettelegging.

Vurdering

Tiltaka i Brenndalen er tredelt:

1. Bruanlegget, som fekk løyve til fire boltar, og som no har godt over tjue boltar og ledegjerde.
2. Dei elleve tretrappene som vart bygd utan løyve i 2012, som fekk løyve i ettertid. Tiltakshavar fekk då ei åtvaring om å etterleve verneforskrifta.
3. Lavvoplassen for lagring av breustyr og oppmuring av benker med bålpass foran brefronten, har ikkje løyve.

Forvaltinga har grunnlag for å tru at det i stor grad er same tiltakshavar som står for tiltaka. Forvaltar er ikkje i tvil om at teltplassen er søknadspliktig, dette er også stadfesta frå juridisk hold hos Fylkesmannen og frå Miljødirektoratet.

Oppfølging av saka kan gå føre seg på fleire måtar:

- Nasjonalparkstyret kan gi ei ny åtvaring og samstundes be tiltakshavar om å søkje om etablering av teltplassen og deretter handsame saka på vanleg vis som anten får løyve eller avslag.
- Styret kan også på same vis be tiltakshavar om å søkje om dei «resterande» boltane og ledegjerdet som ikkje er omfatta av bruløyvet frå Fylkesmannen frå 2007, som då på same vis kan få løyve eller avslag.
- Parallelt eller uavhengig av dei to føregåande punkta skal styret vurdere om det er rett å melde saka til politiet og/eller å sende saka til Miljødirektoratet. Styret må samstundes vurdere om dei då, eller seinare, vil be Fylkesmannen å gje pålegg om retting etter nml § 69.

Forvaltar bør truleg uansett innkalle tiltakshavar til eit møte for å gå gjennom forskrift og verneregler. Turguiding og breføring er i forskriften tillate, men kun dersom det ikkje strir mot vernereglane. Når slike hendingar gjentar seg fleire gonger stillar forvaltinga spørsmål om korleis verksemda sin aktivitet kan gå føre seg meir i tråd med vernereglane.

Arkivsaksnr: 2013/3553-0

Saksbehandlar: Maria C. Knagenhjelm

Dato: 26.09.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	28/13	07.10.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2014-2017**Innstilling frå forvaltaren**

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til vidareføring av idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2014 til og med 2017 på følgjande vilkår:

1. Maksimalt tal deltagarar skal ikkje overstige 1800 personar. Arrangøren står fritt til å vurdere korleis de ønskjer å fordele tal deltagarar mellom konkurranseklassa og mosjonistklassa, så lenge dei resterande vilkåra er oppfylt.
2. Deltakarane skal følgje den merka stien. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltagarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire samtidig enn at deltagarane kan halde seg på stien. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar eller stavar.
3. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i Jostedalsbreen nasjonalpark og kva reglar som gjeld mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og ev søppel fjernast.
4. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste i målområdet skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødig støy.
5. Ei (1) landing med helikopter for frakt av vatn, sikringsutstyr, med meir i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og ei (1) landing i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar. Arrangøren må undersøke med Bergen turlag for koordinering av ev felles transport (t.d. av ved o.a.).
6. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 1. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet opp mot dei nummererte vilkår som er sett i løyvet, og i tillegg tal deltagarar, frivillige, tidspunkt for helikopterferdsla, korleis arrangøren ser til at alle føl stien, samt annan relevant informasjon.

7. Etter eit gjennomført arrangement skal det ikkje opnast for påmelding til løpet året etter før tilstanden på stien er vurdert av SNO/forvaltning. Dette for å årleg vurdere korleis terrenget blir påverka, jf. vilkår 8.

8. Stien skal vere i like god stand som før løpet, og ev lause trappetrinn og steinar skal reparerast innan ei veke etter arrangementet. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til sti, natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-10 om føre-var-prinsippet og samla belastning og § 11 som fastslår at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*».

I og med at Bergen turlag eig Skålåtårnet går vi ut i frå at arrangøren og turlaget har dialog om bruken av tårnet i samband med arrangementet. Det same gjeld grunneigarane som har eideom der løpet passerar. Vi sender difor kopi av løyvet til Bergen turlag og til grunneigarane.

Vedtaket er fatta ut frå ei totalvurdering av verneformålet, andre brukargrupper og målsetting om auka verdiskaping knytt til bruk av verneområda (jf. fjellteksten).

Saksopplysningar

Søknaden

Søknaden datert den 24. september 2013 er underteikna Skåla Opp v/ Erik Brendefur, som sender søknaden på vegner av samarbeidspartane Hotel Alexandra, Loen Active og Loen Idrettslag. Motbakkeløpet «Skåla 1848 meter rett opp» har tidlegare fått løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for åra 2009-2013 (brev av 24.09.2008), åra 2006-2009 (brev av 14.10.2005) og for åra 2002-2005 (brev av 21.01.2003). I perioden 2009-2013 vart øvre grense for tal deltagarar i konkurranseklassa auka i fleire omganger, frå 600 (2009) til 700 (2010) og til 800 (2011).

Skåla Opp er eit mosjonsløp som har vorte arrangert sidan 2002. Arrangementet vil ha om lag same oppsett som tidlegare år, med start utanfor nasjonalparken ved Tjugen i Loen, og med mål ved Skålåtårnet turisthytte 1843 moh (sjølvbetjeningshytte, eigd av Bergen Turlag).

Nasjonalparkgrensa går ved Sjinglebrua, like nedanfor tregrensa. Løpet føl same rute opp og ned. Området løpet går i er, i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, definert som brukssone.

Olden Røde Kors hjelpekorps stiller opp med beredskap under arrangementet. I tillegg er det mange frivillige som deltar i funksjonærstaben. Tidlegare år har tal funksjonærar vore omlag 150 personar. I søknaden for neste periode er tal funksjonærar oppgitt til å være omlag 200 personar.

Datoen for 2014 er allereie satt til den 16. august, og konkurranseklassa vart fullteikna på to dagar (ny rekord). Dei kommande åra planlegg arrangøren at Skåla Opp skal gå føre seg den siste helga før skulestart. Søkjær skriv også at motbakkeløpet er eit godt tiltak for mange menneske: «*Vi meiner denne type arrangement styrker folkehelsa og motiverer mange til å leggje ned utallige treningsstimar gjennom året for å best mogeleg kunne gjennomføre Skåla Opp! Vi ønskjer å halde fram og jobbe ut i frå same oppsett som tidlegare år, eventuelt med justeringar på område der oppgåver/instruksjonar kan gjerast betre*»

Søkjær ønskjer å behalde det maksimale deltagartalet på 800 konkurranseløparar, og skriv at dei håper og reknar med oppimot 2000 registrerte deltagarar inkludert mosjonistar.

Ein stor del av utstyret som trengst for å gjennomføre arrangementet, er så omfattande at det må fraktast med helikopter. Det vil likevel vere ein god del utstyr som må bringast opp til fots, og utstyr må også bringast til fots ut til drikkestasjonane. Det vert søkt om helikoptertransport i samband med arrangementet, primært mandag -onsdag før arrangementet og mandag - onsdag etterpå. Utstyr som skal med helikopteret er aggregat, tidtakingsutstyr, 600 liter vatn, deltagarmedaljar,

sikringsnett og eit telt til bruk på toppen. Fylkesmannen har tidlegare gitt løyve til landing med helikopter i samband med arrangementet med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 4.3.

Søkjar ønskjer eit løyve for dei neste fem åra; frå og med 2014 til og med 2018. Det har tidlegare vore gitt løyve for fire år av gangen.

Under er ei oversikt over tal deltagarar som har fullført motbakkeløpet sidan 2002:

Konkurranse	Mosjon	Totalt
<u>2013</u> 731 deltagarar	<u>2013</u> 1073 deltagarar	1804 deltagarar
<u>2012</u> 720 delt	<u>2012</u> 1060 delt	1780 deltagarar
<u>2011</u> 627 delt	<u>2011</u> 1087 delt	1714 deltagarar
<u>2010</u> 669 delt	<u>2010</u> 1061 delt	1730 deltagarar
<u>2009</u> 600 delt	<u>2009</u> 920 delt	1520 deltagarar
<u>2008</u> 544 delt	<u>2008</u> 937 delt	1481 deltagarar
<u>2007</u> 525 delt	<u>2007</u> 645 delt	1170 deltagarar
<u>2006</u> 514 delt	<u>2006</u> 766 delt	1280 deltagarar
<u>2005</u> 446 delt	<u>2005</u> 574 delt	1020 deltagarar
<u>2004</u> 427 delt	<u>2004</u> 482 delt	909 deltagarar
<u>2003</u> 297 delt	<u>2003</u> 393 delt	690 deltagarar
<u>2002</u> 147 delt	<u>2002</u> 213 delt	360 deltagarar

Historikk

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i tidlegare løyve ikke satt tak for tal deltagarar i mosjonistklassen. I løyvet datert 24.09.2008 står det mellom anna: «*Løyvet er gjeve på vilkår av at deltakartalet skal ikkje overstige 600 i konkurranseklassa. Talet kan endrast etter avtale med fylkesmannen. Inntil vidare vert det ikkje sett tak i mosjonistklassa.*» I løyvet står det vidare under bakgrunnsinformasjon: «*For framtida reknar ein med kring 1000-1200 deltagarar totalt.*».

Mykje av bakrunnen til at Skåla Opp fekk løyve frå fylkesmannen til å utvide maksimumstalet for konkurransedeltakrar var den omfattande jobben som har vore nedlagt frå det offentlege i forbetrinna av Skålastien. Etter søknad om å utvide deltakartalet til 700, skreiv Fylkesmannen i ein e-post av 16.07.2011: «*På bakgrunn av søknad i dag, aksepterer Fylkesmannen at tal deltagarar i konkurranseklassa vert utvida til 700. Bakrunnen for at dette vert akseptert er at det no kontinuerleg vert føreteke utbetring av stien. Vidare vil det ikkje vere umiddelbart behov for utvida bruk av helikopter som følgje av auka tal deltagarar i konkurranseklassa. Vi registrerer elles at arrangøren generelt føl godt opp dei vilkåra som er sett i løyvet. Vilkåret for avtalen er at det vert ytterlegare fokus på at deltagarane skal følge den merkte stien både opp (under konkurransen) og ned att (etter at sjølv løpet er slutt). Arrangøren må gje denne informasjonen på ein tydeleg måte til deltagarane. Fylkesmannen ber om at rapporten for 2009 inneheld informasjon om korleis dette er følgt opp.*» (min understrekning)

Motbakkeløpet «Skåla 1848 meter rett opp» er eit arrangement som samlar store delar av Loen-bygda og andre i Stryn gjennom ein felles dugnad. Arrangementet syner fram mogelegheita for idrettsglede i ein profilert del av Jostedalsbreen nasjonalpark, og har auka jamt kvart år. Når konkurranseklassa for 2014 i haust allereie vart fylt opp i løpet av to dagar seier det seg sjølv at løpet er særpopulært.

Skåla Opp går neste år inn sitt 13. år, og kan da kallast å vere eit veletablert arrangement. Løpet er truleg det største av sitt slag i norske nasjonalparkar. Til samanlikning har Fanaråken Opp mellom 400 og 600 påmeldte (max tal deltarar i konkurranseklassa er 400, utan tak i mosjonistklassa, men fylkesmannen ber arrangøren melde i frå dersom det blir fleire enn 400 i den klassa også), og Besseggløpet har tak på 300 til saman i både konkurranse- og mosjonistklassa. Begge dei sistnemnde løpa går i Jotunheimen nasjonalpark. I 2013 hadde Skåla Opp 1804 deltarar som gjennomførte løpet til toppen.

Om lag 4,5 millionar kroner har, via bestillingsdialogen, vore brukt på steinlegging av stien for å kunne tolle mange menneske utan å slite for mykje på terrenget. Stien opp til Skåla har, også på regionalt og nasjonalt plan, etter kvart blitt eit godt kjent tilretteleggingstiltak for friluftsliv i verna område. Ein delegasjon frå naturvernmyndet i Sverige var t.d. eins ærend til Skåla for å tilegne seg kunnskap om bruk av Stein i tilrettelegging for ferdsle.

Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark heiter det at *"idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode"* (verneforskrifta pkt. IV, 6.1, 2. avsnitt). Det er ingen heimel i verneforskrifta for dispensasjon for idrettsarrangement. Tidlegare løyve frå Fylkesmannen har vore heimla i verneforskrifta punkt IV, som no er erstatta av naturmangfoldlova si § 48, og skal handsamast som ein generell dispensasjonssak frå vernevedtaket.

Formålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom naturoppleveling av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap" (verneforskrifta pkt. III)

I nasjonalparken er motorferdsel, også landing med luftfartøy forbode (verneforskrifta pkt. III, 4.1). Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel for transport av utstyr og proviant til hytter og buer (verneforskrifta pkt. IV, 4.3).

I tråd med naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Søknaden må handsamast etter § 48 i naturmangfoldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfoldlova § 48 står det at «*forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. (...) I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvalningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.*»

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark punkt III og IV
- Naturmangfoldlova §§ 7, 8, 9, 10, 11, 12 og § 48.
- Forvalningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Den prinsipielle vurderinga i høve til idrettsarrangement i nasjonalparken vart teke då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav det første løyvet i 2002, og vil ikkje bli revurdert.

Vurderinga vil derfor i hovudsak gå på korleis effekt vidareføringa av dispensasjonen har for verneverdiane sitt første og andre strekpunkt. Forvaltar vurderer løpet til å ikkje gå ut over naturmangfaldet så lenge alle deltagarane følgjer stien (verneføremålet, 1. strekpunkt.). Omsynet til andre friluftsutøvarar (verneføremålet, 2. strekpunkt) er meir usikkert. Dersom nokon kjem til området den aktuelle løpsdagen for å gå tur, oppleve stillheit og ro i nasjonalparken, vil dei truleg bli overraska. Men sidan motbakkeløpet neste år vert arrangert for 13. gang, er i alle fall lokalbefolkinga godt kjent med arrangementet og vil kunne finne ro og naturoppleving andre plassar i nasjonalparken enn akkurat der. Det er meir usikkert korleis regionale/nasjonale/internasjonale nasjonalparkbesøkande (som ikkje veit om arrangementet på førehand) vil reagere. I rapporten «*Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010*» – rapport nr. 7/2011 står det mellom anna at kun 8 % av besøkande til Jotunheimen ville stille seg positive til idrettsarrangement i verneområdet (67 % negative og 25 % usikre). Sjølv om dette er ein annan nasjonalpark, og er ein veldig generell undersøking, vil ikkje forvaltar utelukke at dette kan ha ein relevans også for Jostedalsbreen nasjonalpark. Vilkår er satt i løyvet, t.d. for at alle merkeband, søppel og andre spor av løpet skal fjernast same dag som løpet er ferdig. Løyvet opnar også for å kunne revurdere tal deltagarar dersom påverknaden blir for stor (§ 11). Med vilkår og tett dialog vil likevel forvaltar vurdere at påverknaden motbakkeløpet har på «utøving av tradisjonelt friluftsliv» har liten nemneverdig konsekvens for verneføremålet sitt 2. strekpunkt utover dagen løpet vert arrangert.

Kor mange løparar terrenget toler er eit vanskeleg skjønnspørsmål, jf verneføremålet 1. strekpunkt. Det er særstakt avhengig av kva slags vêr som er dominante på løpsdagen; med regn vil terrenget tolte langt færre løparar enn ved opphaldsvêr. Det er også heilt avhengig av om løparane føl den steinlagde stien, eller går på vegetasjonen. Utfordringa er at mange deltagarar ikke føl stien, spesielt når løpet er ferdig på toppen og dei skal gå nedover. Naturmangfaldlovas § 11 (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*) gjev heimel for å krevje medverknad ved eventuelt behov for reparasjon av terreneskader som følgjer av arrangementet, noko som også er opna for gjennom vilkår i løyvet.

Forvaltar meiner det vil være riktig å sette eit tak på tal deltagarar totalt i Skåla Opp (§ 10). Fordi mosjonsklassen også betalar startkontingent, går kledd med startnummer på brystet og nyttar stien på same vis som konkurranseklassen, meiner forvaltar at dei også må komme inn under den samla vurderinga gjeldande påverknaden på verneverdiane.

Fylkesmannen skreiv i løyvet frå 2008 at «i framtida» reknar dei med at løpet ikkje blir større enn 1000-1200 deltagarar. Skåla Opp skriv i søknaden at dei håpar rundt 2000 menneske vil bli med i neste periode. Forvaltar vurderer at ved å sette ein førebels tak på 1800 deltagarar vil arrangementet bli marginalt mindre enn det er i dag (§ 10), og vil også kunne revurderast av nasjonalparkstyret ila dispensasjonsperioden (§ 9). Sjølv etter massiv innsats på steinlegging og forbetring av stien gjennom fleire år, er fortsatt slitasjen i terrenget større enn den bør være. Talet 1800 er vurdert på grunnlag av at terrenghitasjen på stien ikkje bør bli større enn det den er etter eit motbakkeløp (sjå biletet). Men det vil også kunne gi arrangørane større grad av fridom ved å sette eit tak på totalt tal deltagarar, då kan arrangøren sjølv vurdere om dei ønskjer å auke konkurranseklassen eller å ha fleire i mosjonsklassa.

Då nasjonalparkforvaltaren var på synfaring langs stien den 19. september var det stadvis stor slitasje langs den steinlagde stien mellom Sjinglebrua og vatnet (sjå biletet). Dette er den mest sårbar vegetasjonssona, og består mest av lyng-, gras- og mosevekstar. Når ein reknar både opp- og nedturen blir det godt over 4000 par føter, ved å telje konkurranse- og mosjonistdeltakarar og funksjonærar til saman. Når løparar har nådd toppen og skal ned att vil mange deltagarar møte kvarandre i nettopp dette utsette området og skape ein påverknad (jf § 10). I vilkåra skal arrangøren årleg sende ein rapport til styret mellom anna om kva verkemiddel dei nyttar for å få alle til å gå på stien.



Bilete 1 og 2: foto av Maria Knagenhjelm, den 19. sept 2013. Bilete 3: foto av Jan Erik Sandbakk på løpsdagen 2013, henta fra www.skaala.no

Andre motbakkeløp i verneområde har, så vidt forvaltar kjenner til, ikkje løyve til motorisert ferdsla for frakt av utstyr til målområdet, og funksjonærane bærer opp alt naudsynt utstyr. Storleiken, historia og forholda på toppen av Skåla talar likevel for eit løyve. Det er mellom anna vanskeleg å skaffe store mengder vatn ved Skålataånet, noko som sjølv sagt er viktig for løparane å få i seg. Vatnet må uansett bli båra frå toppen og ned til alle drikkestasjonane undervegs. Tidlegare har arrangøren fått løyve til ei landing man/tirs/ons før og etter løpet. Forvaltar vurderer at tre dagar ofte kan bli for lite dersom været er ugunstig for helikopter, og vil heller opne for fem vekedagar på kvar side av løpet. Flyging på helgedagar vil medføre uroing for det generelle friluftslivet i større grad, og vert i utgangspunktet ikkje gitt i nasjonalparken (jf. nml §§ 10 og 12). Fylkesmannen har tidlegare heimla motorferdsleløyvet i verneforskrifta, for flyging av utstyr og proviant til hytter og buer. Det står eit vilkår om at arrangørane av motbakkeløpet må koordinere den motoriserte ferdsla av t.d. ved og anna til tånet med Bergen turlag.

Skåla Opp søker om dispensasjon for dei neste fem åra. Det er vanleg praksis at slike løyve maksimalt får fireårige dispensasjonar.

Arkivsaksnr: 2013/128-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 01.10.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	29/13	07.10.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdselsvegen over Tyvareset

Innstilling fra forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamer spørsmålet om gjenopning av den gamle ferdslevegen fra Oppstryn til Loen over Tyvareset når forvaltningsplanen skal reviderast.

Då kan alle stier/ferdslevegar i nasjonalparken bli vurdert heilskapleg, og forvaltningsplanen vil legge betre grunnlag for å skaffe tiltaksmidlar via bestillingsdialogen.

Saksopplysningar

I søknad datert den 8. januar 2013 søker Jostedalsbreen Adventure/Jostedalsbreen nasjonalparksenter v/ Anne Kjos-Wenjum Armas om inntil kr 80 000,- for å gjenopne den gamle ferdslevegen mellom Oppstryn og Loen over Tyvareset ca 1300 moh (sjå kart).



Sökjarane ønskjer å rydde og tilrettelegge stien, sette sikringer i skaret og utarbeide retningskilt og informasjonsskilt (geologi, botanikk med meir), slik at folk som går turen kan få informasjon om naturverdier undervegs.

Budsjett og finansieringsplan prosjekt Oppstryn-Loen gammal ferdsselsveg

utgifter	sum
post	
prosjektleiing 80 timer a 450	36000
Kvalitetsikring, grafisk design, teikningar	20000
møte/reise 2 styringsgruppe-2 referansegruppe	
6 prosjektgruppe	20000
Oversetting 3 språk	7000
Skiltproduksjon og stolpar	35000
Montering skilt 2 pers 2 dagar	14000
Gammal ferdsselsveg tilrettelegging 5 dagsverk 2 pers m material/sikring mm	40000
	116000
Finansieringsplan:	
Søknad om tilskot frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre inntil	80000
Eigendel Jostedalsbreen Nasjonalparksenter	36000
	116000

Både på forsommaren og i haust har nasjonalparkforvaltninga, i dialog med sokjar, forsøkt fleirtals gonger å dra på synfaring på den omsøkte ferdsslevegen, men har ikkje lukkast.

I framlegg til forvaltningsplanen frå 1994 vart opphavleg stien over Tyvareset tatt med som ein eksisterande og merkt sti. Men då Fylkesmannen i sitt planarbeid fann ut at ruta var umerkt, havna den også i den kategorien i den endelige forvaltningsplanen.

Lovgrunnlag

Det står i forskrifta for nasjonalparken at landskapet er verna mot alle inngrep, m.a. (...) merking av stiar og løyper. Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av stiar og løyper osv, men forvaltningsmyndet kan også nekte slikt vedlikehald dersom omsyn til vernet tilseier det (forskrifta punkt 1.2, 3. strekpunkt). Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunner ligg føre, gje løyve til merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetting av skilt og vegvisarar (forskrifta punkt 1.3, 4. strekpunkt).

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994 står det følgjande om ferdsslevegen over Tyvareset:

«Umerkte og ikkje varda stiar. Følgjande stiar vert meir eller mindre nytta, men bør framleis vere utan merking og varding: (...) Stryn: Fosdalen – Fosnes».

I vernekartet (vedlegg 5 til forvaltningsplanen) står området definert som brukssone.

Vurdering

Slik forvaltar vurderer søknaden er den todelt: Den eine delen handlar om å få løyve til å merke og skilte stien, og den andre delen handlar om å utløyse økonomiske ressursar frå styret.

I og med merking av stien er i strid med det som står i forvaltningsplanen, må det vere ei særleg grunn for å gje løyve til merking. Dersom det til dømes syner seg at ferdselsvegen ikkje er så bratt og farleg, m.a.o. at det ikkje trengst omfattande sikrings- og tilretteleggingstiltak, slik at stien kan bli ein tenleg merkt sti, så kan det vere grunnlag for å gi løyve, sjølv om det ikkje er i tråd med godkjend forvaltningsplan.

Nå når revideringsarbeidet av forvaltningsplanen skal i gang i haust vurderer forvaltar at det er meir hensiktsmessig å ta opp denne ferdslevegen i den samla handsaminga som planarbeidet fører med seg. Planarbeidet vil gå føre seg i nær dialog med Fagleg rådgjevande utval, der m.a. nasjonalparksentra, turlag og reiseliv er representert. Med ein betre prosess i grunn vil slike tiltak også kunne leggjast inn i ev langsiktige planar for ressursbruk.

Arkivsaksnr: 2013/2989-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 30.09.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	30/13	07.10.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - gjeldande stimerking frå Sunndalen til Ytste Leirvatnet - utsetting av sak

Innstilling frå forvaltaren

Vedtak gjeldande stimerking mellom Sunndalen til nasjonalparkgrensa vert handsama av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at Breheimen nasjonalparkstyre har handsama den i sitt møte i slutten av november 2013. Privatrettslige vilkår også må vere på plass før handsaming i styret.

Saksopplysningar

I søknad datert den 5. juli 2013 søker DNT Oslo og omegn v/ driftssjef Jan Erik Reiten nasjonalparkstyret om løyve til merking av stien mellom Sunndalen, over Kamperhamrane og østover forbi Ytste Leirvatnet i Skjåk kommune. DNT søker nasjonalparkstyrrene i både Breheimen og Jostedalsbreen parallelt.

Kamperhamrane har vore restaurert på oppdrag frå nasjonalparkstyret i sommar, og prosjektet har fått mye positiv merksemd både frå turgåarar og frå media. Prosjektet vart finansiert over bestillingsdialogen. Riksantikvaren og DNT har vore involvert.

Fylkesatlas syner at det er registrert ein trekkveg for villrein i området Merradalsbotn mot Kamperhamrane, og fleire trekkveger og leveområde er registrert på Breheimensida av fylkesgrensa.

Meir grundig saksutgreiing og kart vil komme når nasjonalparkstyret handsamer saka neste gong.

Vurdering

Fordi omsyn til villreinstamma i Ottadalen er eit av føremåla med vernet i Breheimen nasjonalpark, vurderer forvaltaren at det er riktig å vente til Breheimen nasjonalparkstyre har handsama saka først. Forvaltarane i dei ulike verneområda har forløpende kontakt, og vi har diskutert oss fram til ein slags prosedyre i saker der eitt tiltak treng løyve frå fleire styre. Då er det best om det verneområdestyret som har «strengast» vern handsamer saka først, i dette tilfellet omsynet til villrein.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen står stien mellom Sunndalen og Skridulaupbu som «delvis merkt». Det har tidlegare vore skepsis frå fleire lokalt å remerke denne ruta av omsyn til villrein, men no seier fleire grunneigarar i sameiget at dei er positive. Forvaltar vurderer det som vesentleg at Sunndalen sameige er samd i ein ev merking av stien, før styret tar ei avgjerd.

Stien er i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark registrert som ein delvis merka sti. Det betyr at det ikkje er søknadspliktig å merke/varde/vedlikehalde stien. Men forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i ein skilde område.

Arkivsaksnr: 2013/3875-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 26.09.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	31/13	07.10.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - oppsetting av fastmerker til frontposisjonsmålingar av brear

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaforståing, i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat, for å opprette fastmerke framfor Haugabreen i Jølster og Vetle Supphellebreen i Fjærland for å kunne måle frontposisjonsendringar på breane.

Der terrenget ikkje er utsett for skred, vatn, elver eller anna som kan øydelegge eit målepunkt bør de helst bygge vardar. Elles må merkene kunne målast på stein eller berg, det skal ikkje setjast ned boltar eller anna som representerer permanente inngrep. De kan nytte mørk raud eller grå måling.

Løyvet er gitt med heimel i naturmangfaldlova si § 48.

Saksopplysningar

I søknad datert den 6. september søker Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaforståing, i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat, v/ fagansvarleg Pål Gran Kielland om løyve til å opprette fastmerke framfor to bretunger i nasjonalparken. Slike fastmerke gir utgangspunkt for frontposisjonsmålingar, ein vanleg måte å måle korleis breen si lengde endrar seg og indirekte korleis heile brearealet endrar seg. Med lange måleseriar kan forskarane såleis skape seg seg eit bilete på kor mykje av breen som smeltar, og kor raskt utviklinga går.



Kartet syner kor dei eksisterande fastmerka er etablert i Jostedalsbreen nasjonalpark (www.nve.no).

Bremuseet ønskjer å opprette fastmerker på to nye plassar; framfor Haugabreen i Jølster og framfor Vettle Supphellebreen i Fjærland. Målingane vert vanlegvis gjort kvart år i oktober.. Dei første målingane rundt Jostedalsbreen vart gjort allereie rundt år 1900. Målingane vert kvart år publisert i vitskaplege rapportar og artiklar. Resultata frå 2012 visar til dømes dramatiske tal; Bødalsbreen trakk seg tilbake med 110 m og Brenndalsbreen trakk seg tilbake med 65 meter. Disse to har trekt seg tilbake 470 og 620 meter sidan år 2000, og er no lengre tilbake enn på 1960-talet (info frå nve.no) Sjå biletet for korleis merka vanlegvis er utført.



Lovgrunnlag

Formålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom naturoppleving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap” (verneforskrifta pkt. III)

I forskrifta står det at nasjonalparken er verna mot alle formar mot inngrep. Det er ikkje direkte heimel i verneforskrifta til tiltak som har med forsking å gjere. Søknaden må handsamast etter § 48 i naturmangfoldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta

I tråd med naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfoldlova §§ 7, 8, 9, 10, 11, 12 og § 48.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Forvaltningsmyndet har hatt praksis å gje løyve til tiltak som har med forsking og undervisning å gjere, så lenge det ikkje påverkar verneverdiane. Jostedalsbreområdet har stort potensiale for forsking og undervisning, mellom anna innanfor tema som geologi og glasiologi, botanikk og zoologi, økologi og meteorologi.

Forvaltningsplanen understreker dette: «*Det er ønskjeleg at forskinga held fram for å auke kunnskapen om naturen og samspelet i naturen i området. Kunnskap om korleis ulike typar menneskeleg aktivitet verkar på naturen, t.d. gjennom kartlegging av utviklinga for samanliknbare område md stor og liten menneskeleg påverking vil vere viktig for forvaltninga av nasjonalparken».*

Slike fastmerke vil vere noko synlege i landskapet dersom det er ein varde, dersom dei vert laga med måling blir dei berre synlege viss ein aktivt går for å leite etter dei. Framfor disse bretungene er det ikkje veldig mange turgåurar. Fastmerker av denne typen som Bremuseet søker om representerer i liten grad ei påverkning av verneverdiane. Forvaltar vurderer at dersom verneforskrifta hadde vore revidert i nyare tid, så hadde det mest sannsynleg vore ein dispensasjonsheimel for forskingsaktivitet innarbeidd i forskrifta, så lenge det ikkje går utover verneverdiane.

Det er god kunnskap om områda, og tiltaket vil faktisk bidra til å auke kunnskapen om dei glasiologiske/geologiske prosessane framfor bretungene (nml §§ 8 og 9). Ved å setje vilkår om at fastmerkene *fortrinnsvise* skal settast opp som vardar, vil tiltaket være ikkje-permanent (jf nml §§ 10 og 12). Dersom det fysisk ikkje er mogeleg med oppsetting av varde grunna snøskred, steinsprang, store vassmengder og liknande, kan fastmerket settast med måling på stein eller berg. Dette har vore vanlegast rundt breen tidlegare (nml § 8). Fastmerke med bolt vert det ikkje gitt løyve til, då det er andre metodar som ikkje set like permanente spor (nml § 12). Nml si § 11 er ikkje relevant for tiltaket, då det ikkje er eit kostnadsspørsmål knytt til tiltaket. Søkjar skal ikkje nytte motorisert ferdslle.

Arkivsaksnr: 2012/4862-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 01.10.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	32/13	07.10.2013

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - økonomisk oversyn og ev justeringar for resten av året

Innstilling frå forvaltaren

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksopplysningar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får framlagt eit økonomisk oversyn på møtet i Oppstryn den 7. oktober. Då kan styret også vurdere ev justeringar for resten av året.

Arkivsaksnr: 2013/3755-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.09.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	33/13	07.10.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - støtte til breturkartet 2013

Innstilling frå forvaltaren

Norsk Bremuseum får ei løyving på kr 13 000,- frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sine frie tiltaksmidlar til arbeidet med Breturkartet 2013.

Saksopplysningar

Norsk Bremuseum søker om støtte til utarbeidinga av Breturkartet 2013. Søknaden er datert 20.08.2013 og underteikna John Brekke, direktør ved museet. Dei søker om eit tilskot på kr 13 000,- der resten av finansieringa er dekka av andre samarbeidsaktørar.

Norsk Bremuseum har i mange år laga det er kjent som Breturkartet. Kartet syner alle stader kring Jostedalsbreen der det finnes tilbod om organisert breføring og andre reiselivsprodukt knytta til breen og nasjonalparken. Bremuseet har stått for utarbeidinga og leiinga av arbeidet, men har samarbeida med breførarlaga (9 stk), reiselivslaga (7 stk) og Breheimssenteret. SNO og nasjonalparkforvaltninga har også kunne komme med innspel til brosjyren. Kartet har vore distribuert i ein større region som spenner seg mellom Selje i nord, Lom i aust og Bergen i sør, samt via DNT i Oslo. Det er ulike overnattingsverksemder, turistinformasjonar med fleire som har fått karta til utdeling.

Breturkartet innheld også informasjon om nasjonalparken og om forvaltning og oppsyn. Nettsida til nasjonalparkstyret www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen er også å finne i brosjyren.

Tal for opplaget på 25 000 kart vart i 2013 slik:

Kostnad med trykking	24 900,-
Distribusjon og utarbeiding	13 100,-
Total kostnad	38 000,-
Inntekter frå nemnde samarbeidspartar	23 700,-

Vurdering

Når Breturkartet har eit opplag på 25 000 eksemplar og blir distribuert i ei så stor geografisk krins vil det kunne nå veldig mange menneske. Det har også vore tradisjon for at anten Fylkesmannen eller SNO har løyvd eit tilskot til arbeidet, og dei to siste åra har nasjonalparkstyret løyvd midlar til Breturkartet. I 2012 fekk Bremuseet kr 10 000,- til kartet frå nasjonalparkstyret.

I og med at Breturkartet også har viktig informasjon om nasjonalparken, samt kontaktinformasjon til forvaltning og oppsyn gjer at informasjonen kjem mange menneske til gode.

Eg vurderer at Breturkartet er ei god informasjonskjelde for folk som vil bli betre kjent med nasjonalparken, anten via naturbasert reiseliv eller på andre måtar, og at summen på kr 13 000,- er ein liten sum i så måte.

Arkivsaksnr: 2013/3024-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 30.09.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	34/13	07.10.2013

Besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil innarbeide besøksforvaltning i sin revidering av forvaltningsplanen, og ønskjer å bli direkte involvert i Miljødirektoratet sitt utviklingsarbeid av eit slikt verktøy.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har i gang satt eit arbeid med utvikling av besøksforvaltning for bruk i norske nasjonalparkar og verneområde. Eit slikt verktøy skal innarbeidast i ein forvaltningsplan for å kunne sjå på nasjonalparken som ein heilskap. Regjeringa si nyleg framlagde reiselivsstrategi «Destinasjon Norge» legg i stor grad vekt på natur som eit trekkplaster for besøkande, og med den rette tilrettelegginga kan både natur og menneske bli ivareteke på best mogeleg måte.

Sjå vedlagde brev frå Miljødirektoratet datert den 05.07.2013 for meir saksinformasjon.

Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalpark er eit av dei mest besøkte verneområda i landet. Med både store og små innfallsportar, besøkande frå både fjern og nær, og ein brukargruppe med svært ulik bakgrunn (frå flip-flops til brestøvler) vurderer forvaltar at styret hadde kunne få stor nytte av å gi Miljødirektoratet signal om å ville delta i eit nasjonalt prøveprosjekt om besøksforvaltning.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har også ved fleire høve ytra ønske om å ha ein heilskapeleg tilnærming til besøkande rundt innfallsportane. I og med at oppstarten av forvaltningsplanarbeidet skal skje i haust, vil tidspunktet være godt no.